



Suldal jakt og fiskelag
Maleniusåsen 10
4230 Sand

NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo

Dykkar ref. 202110302-4

Innspel vedk. ripping av Suldalslågen 2023.

Suldal jakt og fiskelag er glade for at det er satt i gong ripping av elva. Med dette tiltaket håpar at ein kan få tilbake meir naturlege gyte og oppvekstvilkår for laks og sjøaure.

Det går fram av opplysningar me har fått i hende at ripping i Suldalslågen skal foregå frå 15. juli og 14 dagar fram, vidare frå midten av september og ut månaden. Me synes dette er uheldig da det vil kome i konflikt med starten av fiskesesongen.

Dette vil kunne kome i konflikt med Camp villaks som me arrangerar årleg. Dette er eit arrangement i regi av Norske lakseelver, NJFF sentralt og lokalt og lokalt forvaltningslag. Dette året er det lagt til 27.-29. juli på Valda Hiim og Hanakamneset. Valdet på Hiim vart bestilt allereie hausten 2022 grunna at dette er eit svært attraktiv vald. Grunneigarane stiller her valda til disposisjon.

Dette er eit arrangement for ungdom i aldersgruppa 14 – 18 år, og skjer på mange plassar i lakseførande vassdrag i landet. Hensikten er å gje opplæring i både flue og slukfiske etter laks. Det blir og gitt opplæring korleis forvaltninga i elva er og kor stort uttak elva toler m.m. Me har etterkvart fått mange som har starta sin karriere med laksefiske i samband med desse campane og me har fått mange gode tilbakemeldingar.

Om ein senkar vasstanden til 20m³ vil det kunne medføre sterkt reduserte moglegheiter for fiske på desse to valda i tidsrommet for campen.

Pukkellaks

Som sikkert kjent så ventar ein invasjon av pukkellaks for sesongen 2023. Sist gong var 2021, da vart det og observert pukkellaks i Akerselva. Det viser at denne arten er under sterk framvekst geografisk. Det har vore fanga til saman 11 pukkellaks i flg. fangsrapport. Første fangst registrert 22.07.21. Underteikna har observert oppgong av pukkellaks gjennom kamera på sørsida av Sandsfossen dette året. Me kjenner og til at det har vore tatt 1. pukkellaks lengre opp i elva på valdet Hønesteg i 2019. Om pukkellaksen vil klare å kome seg vidare opp i elva om ein har vasstand på 20m³ er me usikre på , legg me føre var prinsippet til grunn så vil det ikkje vere lurt å senke vasstand så seint som frå 15. juli. Da kan ein tenkje at pukkellaksen er på plass igjen under Sandsfossen.



Fakta, sakset fra hjemmesiden til Norske lakseelver

Innsiget av pukkellaks (*Oncorhynchus gorboscha*) til norske elver har økt eksponentielt fra 2017 til 2019 og fra 2019 til 2021. Det forventes en tilsvarende vekst fra 2021 til sommeren 2023. Pukkellaksen er mest tallrik i Troms og Finnmark, men spredde seg i 2021 helt ned til Akerselva i Oslo.

Link om emnet:

<https://lakseelver.no/nb/news/2023/01/frarader-sjofiske-etter-pukkellaks>

Det er kome fram ei bekymring om at swimup av lakseyngel ikkje vil vere ferdig før 15. juli. Me kan ikkje sjå at det er noko dokumentasjon på at dette er rett. Derimot er det lagt fram dokumentasjon på at det aller meste av swimup er ferdig 15. juni, jfr. dokumentasjon som Mo laksegard har lagt ved og sendt inn til dykk.

Suldal jakt og fiskelag meiner difor at ein kan starte rippinga i **tidsrommet 25. juni - 1. juli** for å sikre at swimup er ferdig. Med dette vil ein og unngå å komme i konflikt med oppstart av laksesesongen.

Når det gjeld ripping på hausten ser me og at dette er tenkt gjort i laksesesongen. Dette for å unngå å kome i konflikt med gyttinga til sjøauren. Som sikkert de og andre kjenner til så er Suldalslågen ei sein elv når det gjeld oppgong av spesielt laks.

Det har ikkje kome fram noko dokumentasjon for tidsvindu der sjøauren gyt i elva. Førre var prinsippet bør ligge til grunn, men me ser ikkje noko utfordringar med at rippinga startar **1. oktober**. Mest truleg så gyt sjøauren i slutten av oktober, starten av november, litt tidlegare i sidebekkane.

Sand 23.03.2023

Suldal jakt og fiskelag


Hans Sæter
- leiar -

Likelydande brev sendt til: Suldal kommune

Kopi: Statkraft, Statsforvaltaren i Rogaland, Styret i Suldal forvaltningslag, NJFF Rogaland, Norske lakseelver.